



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunenesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Driftsoperatør vatn- og avlaupsanlegg - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Ved avdeling for Eigedom, anlegg og beredskap er det ledig fast stilling som drifts- og vedlikehaldsarbeidar - driftsoperatør, i hovudsak knytt til drift og vedlikehald av kommunen sine vatn- og avlaupsanlegg.

Arbeidsplass

Avdelinga omfattar om lag 22 tilsette, der 9 medarbeidrarar har oppgåver knytt til drift- og vedlikehald av kommunale vatn- og avlaupsanlegg, veger, kaiar, plassar, grøntanlegg og kyrkjegard. Basen ligg på Melandskaret.

Avdelinga praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, m.a. med drifts- og vedlikehaldspersonalet knytt til kommunale bygningar og bustader.

Arbeidsoppgåver

Arbeidet omfattar i hovudsak drift og vedlikehald av det kommunale vatn- og avlaupsnettet, medrekna vassinntak, reinseanlegg, pumpestasjonar og høgdebasseng. Kommunen har eit relativt godt utbygd leidningsnett, samstundes som fleire nyanlegg står for tur. Anlegga held relativt høg kvalitet. Kommunen har som mål å sikre innbyggjarane ei trygg og stabil vassforsyning, og drifta avlaupsanlegga så godt at ein hindrar ureining og andre ulemper for innbyggjarane. Driftsovervakkingssystem og gode kontrollrutinar er med på å oppnå dette.

Arbeidet kan også omfatte oppåver på skulane eller andre kommunale bygg / bustader når det er nødvendig, eller deltaking i vegvedlikehald mm. Oppsynsmann har ansvar for å fordele arbeid og oppgåver på den mest optimale måten, avdelinga sett under eitt.

Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har fagbrev som rørleggjar. Anna bakgrunn i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at den som får stillinga

- Har relevant erfaring som driftsoperatør / rørleggjar
- Har førarkort klasse 2
- Har positiv tilnærming til arbeidsoppgåvene
- Arbeider effektivt
- Likar å samarbeide internt og med andre fagområde
- Trives med kontakt med innbyggjarane
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Legg vekt på god service
- Er lojal

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning og fleksibel arbeidstid.

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 09.02.2017

Utlyst dato 24.01.2017

Vårref

641/17

Kontaktperson

Jens Erik Dahl, Avdelingsleiar, tlf: 56171175, mobil: 91192833, jens.dahl@meland.kommune.no